



Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	07.09.2017
Tid:	11:30

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/16	Referatsaker	
PS 17/17	2. gangs behandling - E39 Kryssing Romsdalsfjorden - godkjenning av justert reguleringsplan for kryss Nautneset	2014/388

Midsund, 31. august 2017

Odd Helge Gangstad
Ordfører


Astrid Abelseth
Utvalsekretær

PS 17/16 Referatsaker



Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	28.08.2017
Tid:	09:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Frits Inge Godø	NESTL	V
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Adrian Sørлие	MEDL	H
Inger Lise Trønningsdal	MEDL	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	AP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Lars Joar Hagseth	Nora Helen Dyrseth Blø	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Elin-Grete Vatnehol	Planleggar
Astrid Abelseth	Utvalsekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Odd Helge Gangstad

Frits Inge Godø

Inger Lise Trønningsdal

Adrian Sørлие

Lars Joar Hagseth

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/14	Referatsaker	
PS 17/15	Mindre endring av reguleringsplan - E39 Møreaksen	2014/388

Det vart halde møte i Planutvalet den 28.08.2017 på Midsund omsorgssenter.
Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad.
Møtet tok til kl 09.00.

5 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent.

PS 17/14 Referatsaker

Samrøystes vedtak i Planutvalet - 28.08.2017

Protokoll frå møtet 14.06.2017 vert godkjent.

PS 17/15 Mindre endring av reguleringsplan - E39 Møreaksen

Forslag til vedtak:

Planmyndigheita i Midsund kommune vedtek at endringa av reguleringsplan – E39 Møreaksen område Nautneset kjem inn under §12-14 i Plan og Bygningsloven, og kan definerast som «mindre endring». Kommunestyre delegerer ansvaret med endringane til administrasjonen.

Samrøystes vedtak i Planutvalet - 28.08.2017

Planmyndigheita i Midsund kommune vedtek at endringa av reguleringsplan – E39 Møreaksen område Nautneset kjem inn under §12-14 i Plan og Bygningsloven, og kan definerast som «mindre endring». Kommunestyre delegerer ansvaret med endringane til administrasjonen.

Møtet vart heva kl 14.30



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2014/388-78
Arkiv: L12
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 30.08.2017

Saksframlegg

2. gangs behandling - E39 Kryssing Romsdalsfjorden - godkjenning av justert reguleringsplan for kryss Nautneset

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/17	Planutvalet	07.09.2017
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

I medhald av PBL § 12-12 godkjenner Midsund kommunestyre forslag til detaljregulering – med planid 2016001 for E39 Romsdalsfjorden (Vik - Julbøen) med, reviderte kartblad (7-13 og 14-16), revidert reguleringsføresegner av 21.08.17.
Kartbladene som fortsatt er uendret (1-6).

Saksutgreiing:

Planidentifikasjon: 2016001

Plansituasjon: Kommunedelplan, «Møreaksen E 39 Vestnes - Molde med arm til Gossen».
Vedteke i kommunestyret sak - 13/70 den 07.11.2013.

Søkjar: Statens vegvesen, region midt

Omfang av reguleringsplan: Molde, Vestnes og Midsund kommunar.

Bakgrunn: Parsellen er ein del av ferjefri E39 frå Kristiansand til Trondheim. Reguleringssplanen omfattar kryssing av Romsdalsfjorden. Frå Vik i Vestnes om Nautneset på Otrøya til Julbøen i Molde:

- Vik – Nautneset, beståande av tunell på ca. 16000 m.
- Nautneset – Julbøen, beståande av bru på 1625 m.

Godkjent planprogram i K - sak 15/15 av 12.03.15.

Høring reguleringsplan: 13.05.16 – 25.06.16.

Godkjent reguleringsplan i K - sak 16/88 av 10.11.16.

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 10.11.2016

1. I medhald av PBL § 12-12 godkjenner Midsund kommunestyre forslag til detaljregulering - med planid 2016001 for E39 Romsdalsfjorden (Vik - Julbøen) med revidert planomtale, plankart og føresegner av 30.09.16
2. Midsund kommunestyre ber Statens vegvesen om å sjå på plassering av busslommene på Nautneset for å få til ei meir kompakt løysing når kryssalternativ er valt.

2. gangs behandling

Vedtak i Planutvalet sak 17/15 den 28.08.17:

Planmyndigheita i Midsund kommune vedtek at endringa av reguleringsplan – E39 Møreaksen område Nautneset kjem inn under §12-14 i Plan og Bygningsloven, og kan definerast som «mindre endring». Kommunestyre delegerer ansvaret med endringane til administrasjonen.

Statens vegvesen skriv i oversendingsbrevet :

Vedlagt oversendes justert planforslag for E39 Kryssing Romsdalsfjorden, datert 21.08.2017. Endringen berører området på Nautneset og deler av hovedtunnelen, og etter tidlige avklaringer bes dette lagt fram for politisk behandling.

Som følge av de risikoforhold knyttet til stabilitet, ras og steinsprang ved østre del av toplanskryss samt meget store inngrep i naturen, har en søkt å finne en kryssløsning som reduserer risikoen og samtidig ivaretar de strenge kravene til kryssutforming for valgt dimensjonerende standard/hastighetsnivå. Endringsforslaget innebærer således en forenklet kryssløsning som både innebærer mindre inngrep i omgivelsene, større sikkerhet for trafikken der den er størst, samt betydelig sikrere og lavere kostnader. En oppnår også å få samlet bussholdeplassene og derved en bedre løsning for kollektiv. Kryssløsningen er også behandlet og godkjent av fraviksguppen i Vegdirektoratet.

Det er også foretatt en mindre endring av tunnelen på kartblad 7-13. Her har en utvidet det regulerte formålet noe i innerkurven slik at planen tilrettelegger for en mulig innkorting av tunneltraseen gitt at en finner å kunne tillate en heving av lavbrekket på inntil 15 m.

Løsningen innebærer en oppdatering av arealplankart 7-16, mens kartblad 1-6 er uendret og i samsvar med tidligere planvedtak. Planomtalen er ikke endret.

I reguleringsbestemmelsene er det foretatt endring i pkt. 4.4 Kollektivholdeplass ved at område o_SKH4 og o_SKH5 utgår. I pkt. 4.7, kulepunkt 2 er sikringssonene utvidet med to soner til også å omfatte o_SVT64 og o_SVT65. For øvrig er det vurdert dithen at det ikke lengre er nødvendig å fjerne ura sør i området merket #3. Tidligere bisetning vedr. dette i pkt. 7.2.2 og 8.1 (siste kulepunkt) er derfor tatt ut av reguleringsbestemmelsene.

Grensesnitt for utbygging mellom prosjektene «E39 Romsdalsfjorden» og «Kjerringsundet» må avklares mer detaljert mellom prosjektene. Statens vegvesen legger til grunn at dette vil bli i ca. profil 2000 - like nordvest for rundkjøringen der sammenkopling mot eks. veg kan skje, ref.

arealplanen kartblad 14. Det vil være naturlig at en ved slutføringen av reguleringsplanen for «Kjerringsundet» medtar fylkesvegen fram til et slikt grensesnitt.

E39 Romsdalsfjorden
Med hilsen

Harald Inge Johnsen
prosjektleder

Lars Erik Moe
Planleggingsleder

Vedlegg:

- Arealplankart (kartblad 7-16) datert 21.08.2017
- Reguleringsbestemmelser datert 21.08.2017

Vurdering:

Nødvendige teikningar og skriv er komme slik at ein kan behandle reguleringsendringa i sin heilheit.

Kommunestyret sak 16/88 - 10.11.2016 ber Statens vegvesen om å sjå på plassering av busslommene på Nautneset for å få til ei meir kompakt løysing når kryssalternativ er valt.

No har det komme ei ny kryssløysing der av og på stiging for bussreisande er på same plass samt at det er ei billigare løysing.

Konklusjon

Rådmannen rår til at reguleringsendringa blir godkjent.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Arealplankart (kartblad 7-16) datert 21.08.2017.
Reguleringsbestemmelser datert 21.08.2017

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Statens vegvesen